

VELKOMEN TIL SANDSØYA!

Førehandsomtale Sjutoppsturen 2015

Denne påska går den ellefte utgåva av Sjutoppsturen av stabelen. Dei ti første har med eitt unntak vore relativt store suksessar, og vi kryssar fingrane for at det også denne gongen vert eit minneverdig arrangement.

Gjennom den siste veka har vêrmeldinga for langfredag endra seg frå halvdårleg til ganske god. Med to dagar igjen, ser det ut til å bli godt turvêr også i år.



Idrettslaget har nok ein gong lagt ned ein solid innsats for å gjere alt klart for Sjutoppsturen. Nytt av året er busstilbodet som gjer at dei tilreisande langfredag kan la bilen stå innom fjorden.

Bussen kjem med ferja 10.15 til Voksa og tek då på passasjerar – og køyrer eventuelt ein tur til dersom ikkje alle får plass på første forsøk. Deretter får dei frå Kvamsøy tilbodet 10.50, før det vert avgang frå Voksa 12.15 igjen.

På ettermiddag køyrer bussen frå Sandshamn seinast 15.30 (ferje til Kvamsøy 15.45). Det er sett opp ein ny bussavgang 16.00 til ferja innover kl. 16.15, men ver merksam på at dersom det er mange om beinet, er det ingen garanti for å rekkje ferja ved å vente til siste.

Det er også ferje til Åram og Larsnes 18.15, og det vil vere tilbod om skyss også då, sjølv om

bussen har reist 16.15. Innimellom går ferja til Kvamsøy kl. 17.30.

Men det er ikkje berre buss som har teke opp arrangørstaben. Merkinga av løypa er betre enn nokon gong før, og siste del inn mot mål er endra noko for å optimalisere for både utøvarar og publikum.

Elles kan vi nemne at det er laga splitter nye stativ til drikkestasjonane, slik at serveringa skal gå knirkefritt.

Ekstra klippetenger

Av løypeforbetringar er det spesielt topp 1 og 2, Kletten og Kulen, har fått ei overhaling denne gongen.

Desse toppane har også vorte utstyrt med ei ekstra klippetong kvar. Meininga med dette er at kvitteringa her skal vere meir effektiv, spesielt med tanke på konkurranseløparane.

I Klettaskaret, mellom dei to første toppane, er det lagt ut ca. 20 meter med bruer (plank) fordelt over dei våtaste partia. Ned frå Kulen er sjenerande einerøter og –greiner fjerna.



Sandsøy Idrettslag
6089 Sandshamn
www.sandsoyil.no

Skilting

Mange vil truleg legge merke til noko nytt på turen over Rinden og Signalen. Idrettslaget har nemleg sett i gang eit prosjekt med å setje opp skilt som i stikryss viser veg og avstand til bøker og endestasjonar.

Desse skilta har ingen spesiell samanheng med Sjutoppsturen, men sjølvstøtt inngår dei her også. Og kanskje vert du frista til å utforske eit par ekstra vegar som ein del av runda!?

Førehandspåmelding

Skjærtorsdag kl. 18-19 er det lagt opp til at dei som vil kan møte opp ved Rosenlund og melde seg på kvelden før. Dermed kan ein unngå køa som gjerne oppstår den første timen langfredag.

Idrettslaget håper at ein del vil nytte seg av dette tilbodet, sidan det vil vere lettande også for dei som skal registrere alle deltakarane.

Langfedag 3. april opnar påmeldinga altså kl. 10. Ein time seinare kan dei som vil nøye seg med spaserturen rundt Sandsvågen registrere seg. Kl. 13 går startskotet for konkurranseklassa. Estimert målgang for dei raskaste om lag halvannen time deretter.

Ti av elleve

I samband med fjorårets tiårsjubileum vart dei som hadde fullført alle ti turane sidan starten i 2005 heidra med pokal og diplom.



Dette var Kristoffer Vestnes, Bjørn Helland og Eirik Voksøy Bringsvor. I år er det endå tre personar som ligg an til å få merksemd – om dei deltek og fullfører, vel å merke. Vi håper sjølvstøtt at Lindis Kalland, Arnvald Bringsvor og Thomas Voksøy Bringsvor gjer nettopp det.

Vel møtt, og god tur!

I konkurranseklassa ligg det an til tøffare kamp om pallplassane enn nokon gong. I skrivande stund er det ikkje mange førehandspåmeldte, men ein veit å vite om fleire sterke namn som kjem. Kanskje ryk løyperekorden?

Noko som delvis er avhengig av tilhøva både i lufta og på bakken. Meldingane ser gode ut for langfredag, men uansett er dette noko vi ikkje råder over. Det vi likevel kan garantere, er at turen over dei sju toppane eller rundt Vågen ikkje vert anna enn ei flott oppleving. Same kva.

